



ASLAK O. BRIMI & ERLEND VIKEN Ho venta på rock.



Tekstar av Sigmund Falch





Slåttetradisjonane i Lom og Oppdal er for oss utømmelege kjelder av spennande musikk, og vi finn stadig nye godbitar vi ynskjer fleire skal få glede av. Etter å ha reist mykje rundt og spelt ilag dei to siste åra, har eit nytt repertoar teke form. Dette er grunnlaget til den produksjonen du nå held i handa. Utgangspunktet er som på førre plate, «Duo», slåttar frå heimplassane våre. Vi har stor glede av musikken, vi liker å utfordre slåttane og forme dei på vårt eige vis.

Vi ynskte å gjere noko spennande i coveret, slik at du som lyttar kan få noko ekstra i tillegg til musikken vår. Tilfeldigvis kom vi over boka «Dei likar ikkje grovisar i Rotary» av Sigmund Falch. Vi tykte dette var særst morosamt, og kom på ideen om å gjere noko av det same som han gjer i bøkene sine: Bruke gamle, flotte bilete, og sette til treffande tekstar. Vi har vore så heldige å få med oss Falch til å skive tekstane i heftet vårt. Vi har teke fram gamle bilete av ulike slag frå Ottadalen og Oppdal, av ulike menneske, stort sett frå spelemanns- og folkemusikkmiljøet.

Vi håper det vil gje ein fin oppleving å bla litt i heftet mens du høyrer på musikken.

Aslak & Erlend



Gauken i klokka var borte.

I staden tok Birger eit drag
i spelet kvar halvtime.

Tore hadde havna i tidsnaud på morgonen.

Han ende opp med stakken til kona.



Syster mi, to sekund før ho
traff kakefatet.

Vi heldt maska, og nekta å seie kven av oss
som berre stilte opp på spøk.



Vi dansa heilt på kanten av
Skjørstadvovden. Litt ut i fyrste
reinlender var vi plutselig berre
tre par att.

Dag tre ville ho ha han inn for å
ete, men Ingvald nekta. Han stod
der å venta på inspirasjon.





Heile juli satt han slik og venta
på høgare vassføring i Lågen.



Berre han lukka augo litt, så var det
han sjølv som spelte.



Han ana at det var noko tull på gong.

Men ikkje før han byrja spela, merka han at dei hadde fyllt fela med raume.



Det trakk ut før vi fekk spelt masurkaen. Dei vart aldri ferdige med å slåss.

Djupt irriterande.

At absolutt ingen lot seg imponere
av at han klara å sykle med berre
ei hand på styret.





Då onkel Arne spela den same slåtten
for sjette gong, gjekk dei siste.



Dei skulle ha skrive tittelen på Nasjonalsongen,
men gjekk kjapt tomme for blommar.



Eg trassa alle åtvningar, og tok siste dansen med "Sterke-Lise".

Innerst i lokalet stod Eva.

Ho venta på noko rock.



Han torde ikkje spele inne lengre.

Førre gongen rasa sørveggen ut.





Sørgeviser for død potteplante.



Else bomma alltid.
Ein annan gong kom ho i boblejakke på toga-party.

I kveld skulle det avgjerast.

Kva hadde høgast volum, radioen eller Knut.



Bakerst til høgre stod Inge.

Han hadde gløymt fela, og måtte klare seg med å trampe takta.



Karane frå innst i dalen var redde
for vatn. Dei måtte fraktas over
på anna sett.



Då siste tone døyde ut, kunne dei høyre den heilt tydeleg - applausen frå nabohuset.

Det var lett å sjå det - Ingrid hadde slått noko sterkt i koppen.





Asbjørg-Kari [GDAE] Eg lærte denne skjåkspringleiken hjå far min, Rolv Brimi. Slåtten tok meg med storm. Det underfundige fyrsteveket vert løyst opp med det ljose og artige andreveket i C-dur. Ein fantastisk artig slått å spele. Ein annan versjon av springleiken kan du høyre på [TA12CD]. **A**

Kleppdalsvegen [GDAE] Den finurlige skotsken lærte eg og onkelen min, Jan Fyrun, hjå far min. Han hadde skissert ned leiken på noter etter eit besøk hjå toraderspelemannen Sigurd Biløygard (f1917) frå Garmo. Sigurd er ei stor kjelde for runddansmusikk i norddalen, og har au laga mange fine slåttar sjølv. Sigurd har i nesten eit par mannsaldrar vore ein aktiv fiskar på fjellvatnet Tesse. Vegene frå Garmo til Tesse går opp Kleppdalen; ein humpete og hølete veg. Å køyre her er litt av ein tur, noko liknande det å spele denne skotsken. Jan og eg forma denne utgåva av slåtten. **A**

Netosætervalsen [ADAE] Enda ein tøff slått frå Skjåk. Netosætra er ei sætergrend øvst i Bøverdalen, der skjåkverane har sætrer. Før i tida var det like enkelt å fare over fjellet, som å følgje dalen rundt. Ein av dei store skjåkspelemennene som nytta valsen, var Rikkar Skjelkvåle (1890–1976), som du kan sjå på biletet side 13.

Gammel-Steinomen [DDAD] Dette er ein av dei springleikane bestafar, Hans W. Brimi (1917–1998), brukte mykje. Han likte å spele på ulike felestille, og ikkje minst slåttar med den djupe, lyriske D-mollklangen. Dette er slåttar eg au har fulle for. **A**

Vårhalling [ADAE] Dette er ein av dei fyrste hallingane eg lærte hjå far min, Erik Sverre. Slåtten hadde gått i gløymeboka før eg plutseleg kom på han att i fjor vår. Det er ein artig liten slått som eg liker å leike meg med, både melodisk og rytmisk. Far min spelar slåtten i form etter Jon Røen (1936–1999) frå Stangvik, og det er truleg at totalingen Hallvard

Ørsal (1876–1943) au spelte denne hal-lingen. **ɛ**

Hondhengja [ADAE] Det er få slåttar som har vore spelt meir i Oppdal enn denne sprengleken. Som liten gut hug-sar eg at det var eit stor mål å få til denne. Mest fordi den var så fengjande, men og fordi den var den vanskelegaste sprengleken eg visste om. Spellmannen Ola J. Rise (1877–1954) kalla slåtten for Hondhengja, som betyr «den store slåt-ten». Dette er ein av dei fyrste slåttane Aslak og eg spelte ilag. **ɛ**

Blikkenschlager [GDAE] Slåtten har eg kalla opp etter storspellmannen Asbjørn Blikken (1928–1987). Han var opprinne-leg skjåkvær, men flytta til Oppdal og vart med i Oppdal spellmannslag. I dag sit vi att med mange slåttar etter, og his-toriar om denne originale spellmannen. Han kom med ei artig form på ein masurka til spellmannslaget ein gong i 60-åra. Eg har lært slåtten hjå far. **ɛ**

Skål! [ADAE] Begge desse skål-hallingane har vi lært hjå Rolv og frå opptak med Hans. Han lærte slåttane av Ola Moløkken (1871–1957). Saman med spelmannen Sjugurd Garmo (1896–1991), var Ola den store kjelda Hans hadde. Sjugurd kan du sjå på biletet side 11, og Ola på side 12, og saman med Hans side 26. Den fyrste hallingen kan du høyre ein versjon av på [TA23CD].

Dans på trå'n [DDAD] Eg tykkjer denne slåtten er av dei finaste bestafar laga. Det lyriske og djerve i slåtten, saman med det myrke felestillet, gjer at slåtten er utfordrande og spennande å spele. Ei «trå» er inngjerdinga rundt sæterfjø-set. Her kunne budeiene samle krøttera før og etter mjølking, og sæterfolket ha ein dans i ny og ne. **A**

Reinlender [GDAE] Det er noko røft og mystisk med denne reinlenderen. Vi fann den i notesamlinga «Slåttespel i Oppdalsbygda» av Olav Ivar Rise (1912–2002). Der står slåtten notert som ei blandingsform etter Ola Nerlo (1888–1960) og Sigurd Aalmen (1903–1964). Nerlo kan du sjå på biletet side 15, og Rise kan du sjå side 25.

Vengavollhølen [GDAE] Tittelen på denne sprengleken har sitt utspring frå ein usedvanleg fin fiskehøl i elva Driva som renn gjennom Oppdal. Hølen ligg nedanfor Viken-gardane, og her har eg fiska mykje oppgjennom åra. Slåtten kom til ein mørk haustkveld da det gjekk opp for meg at det var lenge til neste fis-keetur. **ɛ**

Rønnaug Huse [AEAE] Rønnaug var kona til Rolv Gaupar (1823-?), ein spele-mann frå Bøverdalen som emigrerte til Amerika i 1861. Det er ein klangfull vals som er artig å spele. Gjermund er på sitt finurlige og leikne vis med oss på denne glade A-durvalsens.

Storhallingen [ADAE] Denne slåtten er ein av dei store slagerane. Vi har høyrst og spelt han så mange gonger at det er vanskeleg å si kvar vi har han frå. Vi har gjort vår eigen versjon.

Fel-Jakup [ADAE] Eg høyrde søsken-barnet mitt, Hans W. jr., spele denne springleiken ein gong for mange år sidan. Eg vart så fascinert. Slåtten måtte eg lære meg, og han gjorde at eg øvde mykje. **A**

INTRODUCTION

For us, the tune traditions from Lom and Oppdal are inexhaustible sources of exciting music, and we continually find new tidbits we want others to be able to enjoy. After travelling and playing a great deal together during the past two years, a new repertoire has taken shape. This forms the basis for the production you now hold in your hands. Much like our last album, *Duo*, this album has its foundation in tunes from our home districts. We take great pleasure in the music, and we like to challenge the tunes and form them in our own way.

Aslak & Erlend

THE TUNES

Asbjørg-Kari [GDAE] *Springleik* from Skjåk learned from Aslak's father, Rolv Brimi.

Kleppdalsvegen [GDAE] This is a tricky little *skotsk* in tradition after a two-row button accordion player from Garmo by the name of Sigurd Biløygard.

Netosætervalsen [ADAE] Yet another superb tune from Skjåk. This is one of the waltzes that the great fiddler Rikkar Skjelkvåle (1890–1976) from Skjåk played.

Gammel-Steinomen [DDAD] This is one of many tunes Aslak plays in tradition after his grandfather, Hans W. Brimi (1917–1998).

Vårhalling [ADAE] This is one of the first *halling* tunes Erlend learned from his father, Erik Sverre Viken.

Hondhengja [ADAE] Few tunes have been more frequently played in Oppdal than this *sprenglek*. This is one of the first tunes Aslak and Erlend played together.

Blikkenschlager [GDAE] This tune is named after the great fiddler Asbjørn Blikken (1928–1987). He was originally from Skjåk but moved to Oppdal and joined *Oppdal spellmannslag* (Oppdal Fiddlers' Association).

Skåll! [ADAE] We learned these *skålhal-ling* tunes from Rolv Brimi and from recordings of Hans W. Brimi. He learned the tunes from Ola Moløkken (1871–1957), one of the most important sources of traditional fiddle music from Lom.

Dans på trå'n [DDAD] This lively, lyrical *springleik* was made by Hans W. Brimi. A *trå* is the fencing around the cow barn at the mountain summer dairy farm. The dairy maids could gather the cattle here before and after milking, and once in a while the mountain farm folk could have a dance.

Reinlender [GDAE] There is something rugged and mystical about this *reinlender*. We found the tune in *Slåttespel i Oppdalsbygda*, a collection of transcriptions by Olav Ivar Rise (1912–2002).

Vengavollhølen [GDAE] A *sprenglek* made by Erlend. This *sprenglek* takes its name from an exceptionally good fishing hole in the Driva river, a river which runs through Oppdal.

Rønnaug Huse [AEAE] Rønnaug was the wife of Rolv Gaupar (1823–?), a fiddler from Bøverdalen who emigrated to America in 1861. Producer and fiddling friend Gjermund Larsen joins us in his cunning and playful way on this lively A major waltz.

Storhallingen [ADAE] This tune is one of our big hits. We have heard and played it so many times that it is difficult to say where we learned it. We have made our own version.

Fel-Jakup [ADAE] Few fiddlers are as legendary as Fel-Jakup (1821–1876). This *springleik* is one of many which are referred to as Fel-Jakup tunes.

Innspelinga vart gjort på Bjørnsgard vinteren 2011 med Gjermund Larsen som produsent og Fridtjof A. Lindemann som teknisk. Mastringa er gjort hjå Strype Audio v/Fridtjof Lindemann. Tekstane i biletsamlinga er skrivne av Sigmund Falch. Bileta av Erlend og Aslak er knipsa av Ingvild Skeie Ljones, og den grafiske formgjevinga er ved Eva Karlsson. Engelsk omsetjing er ved Laura Ellestad.

Vi ynskjer å takke Gjermund og Fridtjof, samt Ta:lik sin utsending Niels J. Røine, for godt arbeid og triveleg samkvem under innspeling. Takk til Ingvil for engasjert fotografering, og til Even Lusæter for overnattingsplass og godt selskap, og Bjørnsgard AS for lån av lokale. Ein sjølvsgatt takk til Peder Källman for fantastiske feler, og til Sjur Viken for slåttetips. Og mest av alt ynskjer vi å gje ein stor takk til kjelder og læremeistrar, særleg fedrane våre, Erik Sverre og Rolv.

Hjerteleg takk til alle som har bidrege med økonomisk stønad til dette prosjektet: Fond for utøvende kunstnere, Norsk kulturråd, Oppdal kommune, Rådet for folkemusikk og folkedans, Sparebank 1 Lom og Skjåk, Eidefoss, Lom kommune, Lom spel- og dansarlag, og Oppdal spell- og dansarlag.



Når det gjeld bileta og tekstene må vi si tusen takk til Sigmund Falch for alle tekstbidraga. For lån og hjelp med å leite fram fine bilete, ynskjer vi å takke Rolv Brimi, Odd M. Husom, og Sylfest Lykre og fotoarkivet i Skjåk, Erik Sverre Viken, Sverre Bjørkås, Lars Gisnås, samt GD og Halgrim Øistad. Plateselskap, musikarar og forfattar gjer merksam på at ingen av tekstane i heftet er meininga å bli teke bokstavleg, og tekstane er på ingen måte i direkte samanheng med bileta dei er plasserte med. Dersom nokon skulle mislike koplinga mellom tekst og bilete, beklagar vi dette på det sterkaste.

s 4: Peder Rusten. Lånt av Odd Husom.

s 6: Fr.v.: Ola Lund, Torø Hyrve og Bjarne Klepp. Lånt frå arkivet i Skjåk.

s 7: Danseparet Solveig Bræk og Ola Bersu, med spelkvinna Torø Hyrve. Lånt frå arkivet i Skjåk.

s 8: Lom spelemannslag i 70-åra. F.v.: Hans W. Brimi, Amund Bjørgen, Tarjei Øverbø, Johannes Langøygard, Kristen Fyrun, Rolv Brimi, og Bjørn Odde. Lånt frå H.W.Brimi si private samling.

s 9: Frå Landsfestivalen i 1990, dansing på toppen av Skjørstadvodden. Nærast fotografen: Eva-Lena Ehrenpol og Knut Sand. Delvis skjult: Herbjørg Mjøen og Mikal Lundemo. Danseparet til høyre er Ingall Rokseth og Leif Bernander. Lånt av Sverre Bjørkås.

s 11: Sjugurd Garmo og kona Helene på sætra i Kleppdalen. Lånt av Odd Husom.

s 12: Ola Moløkken. Lånt frå H.W.Brimi si private samling.

s 13: Rikkar Skjelkvåle. Lånt frå arkivet i Skjåk.

s 14: F.v.: Hans H. Holen, Tore J. Rødølen, Amunds Bjørgen, Erling Kjøk og Magne Bø. Lånt frå H.W.Brimi si private samling.

s 15: F.v.: Ola Nerlo, Lein (rallar på Dovrebanen) og Jo Nordigard. Lånt av Lars Gisnås.

s 17: Jernbanevokter Oskar Emil Berg utanfor Oppdal stasjon. Lånt av Lars Gisnås

s 18: Danseparet Hans Ursand og Gunhild Mo Øygard med spelemannen Hans H. Holen på LK Lillehammer 1977. Lånt frå Gudbrandsdølen Dagningen.

s 19: Musikanane fremst i forsamlings er Hanna Sæteren og Jon Vindal. Lånt av Lars Gisnås.

s 20: Kjerstine Wolden og Gunnar Rødal dansar springleik. Lånt av Sverre Bjørkås.

s 21: Dans i Skjåk. Rikkar Skjelkvåle som spelemann. Lånt frå arkivet i Skjåk.

s 23: Ola Åsen og ukjent turist. Lånt av Odd Husom/Kåre Åsen.

s 24: F.v.: Hans W.Brimi, Einar Turtum og Amund Bjørgen, frå fjernsynopptak med Lom spelemannslag på garden Graffer i Garmo. Lånt frå H.W.Brimi si private samling.

s 25: Oppdal Spelmannslag 1965. Framme f.v.: Solveig Rise, Else Grødal, Gunvor Rise og Ingrid Rise. Bak f.v.: Einar Galåen, Einar Høsoien (skjult), Melvin Tronsgård, Halvor Grødal, Inge Godtland Gunnar Bjerkås, Sverre Bjørkås og Olav Rise. Lånt av Sverre Bjørkås.

s 26: av Hans W. Brimi og Ola Moløkken i 1956. Foto: Døhl, G og LT.

s 27: Lom spelemannslag. B.f.v.: Sigurd Marstein, Kristen Fyrun, EinarTurtum, Mathias Bakken, Reidar Hagen, Simen Bjørgen, og Amund Bjørgen. F.f.v.: Johannes Langøygard, Hans W.Brimi, Ola Moløkken og Sjugurd Garmo. Lånt frå H.W.Brimi si private samling.

s 28: På tur over Driva ved Skarbekken. I båten f.v.: Ola Næss, Martin Isbrekken og Steffen Stensheim. På banen foran f.v.: Jørgen Borvik og Sverre Dybvad. Midten f.v.: Knut Loe og Einar Engen. Bak f.v.: Hans Flaten og Einar Sigstad. Lånt av Lars Gisnås

s 30: F.v.: Johannes Langøygard og Gunnar Kleiven spelar til dans. Lånt av Odd Husom/Live Kleiven.

s 31: F.v: Anne Moen og Gjendine Slålien. Foto: Odd Husom. Lånt av Odd Husom.

